



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samsfunnsutvikling - avdeling næring

Lars Arve Sæbø
Nedre Sæbø 16

5454 SÆBØVIK

Sakshandsamar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Tore Eik	905 59 189	2021/305-4		26.04.2021

LØYVE TIL NYDYR KING – GNR/BNR – 193/1 – delegert vedtak

Søkjjar: Lars Arve Sæbø

Delegert saksnummer: 2021/267

Søknad motteken: 20.01.21

Vedtak

Kvinnherad kommune gjev søkjjar løyve til nydyrking på eit areal på om lag 35 da på gnr/ bnr – 193/1 som omsøkt. Arealet er innteikna på vedlagt kart.

Vedtaket er heimla i jordlova § 11 og forskrift om nydyrking.

Vilkår for løyvet

Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet i marka, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren må få melding om funna.

Det må utarbeidast grøfteplan for arealet.

Saksutgreiing

Søkjjar ynskjer å dyrka eit areal på om lag da på garden sin. Området er i dag skogsmark. Etter vårt syn vil ikkje nydyrkinga ha negative fylgjer for kulturlandskapet. Det er ikkje trong for nye vegar. Saka har vore sendt til fylkeskommunen for uttale etter kulturminnelova. Det har ikkje kome merknad. Søkjjar planlegg ny driftsbygning og er heilt avhengig av å få auka det dyrka arealet for å få gjennomført desse planane.

Kart

*

Nydyrkinga må iversetjast innan 3 år frå vedtaksdato. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet må det søkjast om endring.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

For kommunedirektøren i Kvinnherad

*Tore Eik
Rådgjevar landbruk*

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg:

Kart.